

Einar Ulla
Kontrollsjef

Målretta prosjektstyring i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Deloitte har gjennomført forvaltningsrevisjon av samhandling og prosjektstyring i Sogn og Fjordane fylkeskommune på oppdrag frå kontrollutvalet. Særleg innanfor *samhandling* får fylkeskommunen gode tilbakemeldingar. Deloitte konkluderer med at samhandlinga ser ut til å medverke til tverrfagleg og effektiv oppgåveløysing. Deloitte har vidare vurdert praksis for samhandling gjennom *prosjektarbeid*, og peikar her på eit forbettringspotensiale. Det vert tilrådd at fylkeskommunen vurderer å innføre overordna retningsliner for prosjektstyring.

Fylkestinget vedtok i sak 2/15 «Forvaltningsrevisjon – samhandling og prosjektstyring» at fylkesrådmannen følgjer opp tilrådingane i Deloitte-rapporten. Fylkesrådmannen er samd i at felles retningsliner for organisering av prosjektarbeid er føremålstenleg for betre styring, administrering, gjennomføring, oppfølging og evaluering av prosjekt. Fylkesrådmannen vil med dette melde attende til kontrollutvalet at han i samarbeid med si leiargruppe har gjennomført eit arbeid for å få på plass felles overordna føringar for prosjektetablering, -styring og gjennomføring.

Fylkesrådmannen legg konkret opp til at notatet «Målretta prosjektstyring i Sogn og Fjordane fylkeskommune» vert kommunisert ut som eit felles grunnlag for prosjektarbeid i organisasjonen.

Fylkesrådmannen meiner generelt vi bør vere noko meir kritiske til når vi nyttar omgrepet «prosjekt» om eit samarbeid som vert sett i gang. Når vi først vel å etablere eit prosjekt i organisasjonen, legg vi no opp til at vi skal ta omsyn til 10 konkrete sjekkpunkt *før, undervegs* og *etter* prosjektgjennomføringa. Åtte av punkta samsvarer med dei åtte områda som Deloitte framhevar i rapporten som aktuelle «overskrifter» i felles retningsliner for prosjektstyring.

Ved etablering av større prosjekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune, vil vi halde fram med å leggje den såkalla PLP-metoden til grunn som reiskap for organisering, styring og gjennomføring. Det er også på sin plass å nemne at vi legg opp til å køyre kurs for tilsette i prosjektorganisering og -gjennomføring i løpet av 2016.

Med helsing

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Ole I. Gjerald
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Målretta prosjektstyring i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kopi til:

Ingvild Ramstad, fylkesrådmannen sin stab
Svein Hågård, fylkesrådmannen sin stab

